



Referat frå kommunemøte

Torsdag 20. april 2023, Teams

Møteleiar: Haavard Stensvand

Deltakarar: Kommunane, DSB, Helse Bergen, KS, Region Nordhordland IKS.

Ikkje til stades: Etne, Fedje, Høyanger, Modalen, Osterøy, Solund, Ullensvang, Ulvik og Vaksdal.

Innhald

1.	Innleiing	1
	Kort orientering om den tryggleikspolitiske situasjonen og status ved kjernekraftverk i Ukraina.....	1
	Utvising av russiske diplomatar og etterretningsituasjonen i Noreg	2
	Zaporizjzja kjernekraftverk.....	2
	Arbeid med å auke atomtryggleiken i Ukraina.....	2
2.	Straumrasjonering og prioriteringslister	2
	Prioritering av basestasjonar for Nødnett ved bortfall av straum v/Kjetil Høiseth, DSB	3
	Vegen vidare.....	3
3.	Lokasjonsbasert SMS-varsling	3
	Orientering frå Bjørnafjorden v/Ella Marie Brekke Vangsnæs.....	4
	Nødvarsel.....	4
4.	Orienteringssaker frå beredskap.....	5
	Skogbrann.....	5
	Webinar om handtering av tryggleik mot kvikkleireskred	5
	Hald av dato: Fagsamling for kommunane 24. til 25. oktober i Førde, Sunnfjord	5
	Kommunemøte i tida som kjem	5

1. Innleiing

Kort orientering om den tryggleikspolitiske situasjonen og status ved kjernekraftverk i Ukraina

Vi kjenner ikkje til at det er skjedd vesentlege endringar, verken med omsyn til krigføringa på bakken i Ukraina eller på den diplomatiske fronten. Situasjonen verkar fastlåst, og det ser framleis ut til å kunne verte ein langvarig krig.



Statsforvaltaren i Vestland

Utvising av russiske diplomatar og etterretningsituasjonen i Noreg

PST hadde ikkje høve til å delta på møtet i dag. Vi har føre møtet vore i kontakt med Torgils Lutro i PST. Han seier at utvisinga av dei russiske diplomatane som vart offentleggjort for kort tid sidan, skjedde på bakgrunn av ein lengre prosess. Den påverkar såleis ikkje trusselvurderinga, og difor står den seg. Etterretningsstrusselen er framleis reell og aktuell.

Zaporizjzja kjernekraftverk

Situasjonen ved kjernekraftverket er framleis spent. Ukrainske Energoatom rapporterte at ei russisk mine eksploderte i nærliken av reaktor nummer fire. Dei melder òg at det vert minelagt rundt anlegget. I starten av april vart fire tilsette ved bortført av russiske styrkar.

IAEA uttrykker framleis stor uro for tryggleiken ved Zaporizjzja-anlegget, m.a. fordi det berre er éi ekstern 750kV kraftlinje inn til det. To reaktorane som har vore i varm nedstenging vert no førebudd på å gå til kald nedstenging.

Arbeid med å auke atomtryggleiken i Ukraina

Tysdag og onsdag denne veka var IAEA og FN, representantar frå ukrainske styresmakter og utanriksdepartement og strålevern- og atomtryggleikstyre makter frå fleire land, til stades under eit møte i Oslo. Føremålet var å finne best moglege løysingar for å auke atomtryggleiken i Ukraina. Det står meir om møtet her: <https://dsa.no/nyheter/internasjonalt-mote-i-oslo-om-atomsikkerhet-i-ukraina>

2. Straumrasjonering og prioriteringslister

Vi har det sidan i fjar haust arbeidd med å samordne prioriteringslistene for straumrasjonering i fylket. Listene består i dag av sluttbruksarar meldt inn frå kommunane, fleire av aktørane i fylkesberedskapsrådet og prioriterte basestasjonar i Nødnett. Det er laga éi liste per kommune, og vi vil sende dei til nettselskapet i neste veke. Vi vil òg sende listene til kommunane, men det kan ta noko lengre tid før vi får dei ut.

Parallelt med dette arbeidet har vi hatt dialog med NVE og DSB, om tema vi ønskjer å få avklart frå nasjonale styresmakter (t.d. ansvar for innmelding og prioritering av private aktørar som matbutikkar, bensinstasjonar, apotek og næring), og om vidareutvikling av dagens rasjoneringssystem.

NVE arbeider med å revidere kraftforsyningforskrifta, og planlegg å få det ferdig til hausten. NVE har sagt at dei vil tilrå ei endring av dagens rasjoneringssystem. I dag vert det planlagt for både sonevis utkopling og kvoterasjonering, og NVE ønskjer at det berre skal planleggast for kvoterasjonering. Viss ei slik endring vert innført, vil det bety at fleire sluttbruksarar kan bli prioritert fordi systemet vil gi betre høve til prioritering ned på sluttbrukarnivå. Dette vil i så fall krevje at dagens lister må reviderast heilt. Vi understrekar at dette berre er ei tilråding frå NVE og såleis ikkje bestemt per i dag.

På grunn av dette har vi i samråd med dei to diskrikssjefane for kraftforsyninga (KDS) i fylket, bestemt oss for å sende ut dei listene vi har laga så langt. For å bøte på manglar i dei, vil vi oppmode nettselskapet om å supplere det vi sender ut med eksisterande lister, og kunnskap dei elles har om andre kritiske sluttbruksarar. Vi vil òg tilrå at dei som ikkje allereie har opprettet dialog med sine kommunar, om å gjere det. Det for å sikre god dialog om innhaldet i listene og eventuelle behov for suppleringar.



Prioritering av basestasjonar for Nødnett ved bortfall av straum v/Kjetil Høiseth, DSB

Som ein del av arbeidet med prioritering av sluttbrukarar ved straumrasjonering, har vi vore i dialog med DSB om prioritering av basestasjonar for Nødnett. Prioriteringa er like relevant med tanke på meir «vanlege utfall» (t.d. uvêr), som for straumrasjonering.

Nødnett verkar slik at i ein normalsituasjon er heile Noreg i ei felles «sambandsboble». Alle kan snakke med alle, så lenge ein er i same talegruppe. Det vert gjort mogleg ved hjelp av 2100 basestasjonar plassert over heile landet.

Ein basestasjon i Nødnett kan miste kontakten med resten av nettet ved t.d. utfall av straum, brot på transmisjonslinjer (frå andre ekom aktørar) eller utstyrfeil. I slike tilfelle vil ein, der det er satt opp autonome (LST) basestasjonar, kunne halde fram med å kommunisere lokalt med andre som er dekka av same basestasjon.

Det gjeld altså ikkje alle basestasjonar, men dei som er programmert for det. Desse basestasjonane vil kunne fungere så lenge dei har tilgang på straum (dei er sett opp med minimum 8 timars reserverstraum). I første vurderinga av kva basestasjonar som skulle kunne fungere som autonome basestasjonar, gjort med utgangspunkt i behovet for tunneldekning, viktige bygg og batterikapasitet. I dag ser ein i tillegg på kvar det ligg operasjonsrom og tettstader/byar (kommunesenter).

Ved innmelding av kva basestasjonar som skal prioriterast ved bortfall av straum, er det dei to siste kriteria som vart lagt til grunn. Med bakgrunn dette har DSB spelt inn éin basestasjon per kommune i Vestland (med enkelte unntak). Oversynet over desse vert lagt inn i prioriteringslistene som vi sender til nettselskapa. Sidan topografien i Vestland gjer det krevjande å sikre store samanhengande «bobler» med dekning, vil det i ein god del område likevel ikkje vere dekning.

Vegen vidare

DSB har sendt inn det reviderte oversynet over kva basestasjonar dei ønskjer skal fungere som autonome basestasjonar til leverandøren Motorola, som vil arbeide med å innføre denne over sommaren.

DSB vil ved hjelp av Statsforvaltaren syte for å formidle ut dekningskart for alle kommunane, saman med annan relevant informasjon. Når kommunane får dette, vil det vere høve til å gå i dialog med DSB om eventuelle justeringar/tillegg i prioriteringa. Vi kjem tilbake med meir informasjon om dette saman med utsendinga av dekningskart.

3. Lokasjonsbasert SMS-varsling

I påska vidareformidla vi ei presisering/justering frå Datatilsynet, om kommunane sin bruk av lokasjonsbasert befolkningsvarsling. Tilsynet skreiv der at personregelverket ikkje er til hinder for at kommunane kan sende ut lokasjonsbasert befolkningsvarsling på SMS, så lenge det gjeld liv og helse. Samstundes oppmodar dei om at det vert avklara med politiet før utsending av varsel, viss det er tid til det.

Presiseringa/justeringa frå Datatilsynet kan de lese her:

<https://www.datatilsynet.no/aktuelt/aktuelle-nyheter-2023/sms-varsling--unntak-hvis-liv-og-helse-er-i-fare/.>



Statsforvaltaren i Vestland

Vi ser klart at kommunane i gitte situasjonar har behov for kunne sende ut varsel som treff fleire enn berre dei som har folkeregistrert adresse i kommunen. Det kan vere behov for å varsle om fare for liv og helse i langt fleire tilfelle enn berre der det er iverksett redningsaksjonar. Vi har overfor DSB m.a. nemnt varsling om ureina drikkevatn til turistar og varsel om at det kan vere farleg å bade i enkelte innlandsvatn på grunn av algeoppblomstring.

DSB er samde i at det kan vere eit varslingsbehov som ut over det som det nye Nødvarslingssystemet er tenkt å dekke. Per no er det svært vanskeleg å gi eksakte svar på korleis kommunane sine varslingsbehov skal kunne ivaretakast, når politidistrikta og skal ta i bruk nødvarslingssystemet. Vi vil halde fram med å argumentere i våre kanalar for å ha gode prosessar som og ser på det.

For kommunar som vurderer å kjøpe lokasjonsbasert befolkningsvarslingssystem, tilrår vi framleis å vente til det er avklart kva varslingsoppgåver politiet kan og vil handtere. For kommunar som allereie har eit slikt system, trur vi at det kan vere nyttig å høyre korleis Bjørnafjorden kommune har tilnærma seg dette. Kommunen har sendt oss eit utkast til rutine for bruk av lokasjonsbasert befolkningsvarsling, og vi synst at tilnærminga deira er fornuftig og bra. Det vil kunne vere eit godt utgangspunkt for andre kommunar, i alle fall fram til det kjem tydlegare avklaringar frå nasjonale styresmakter.

Orientering frå Bjørnafjorden v/Ella Marie Brekke Vangsnes

Bjørnafjorden kommune har sidan komunesamslåinga 2020 nytta Varsling 24 sine løysingar for adressebasert varsling. Dei har og skaffa modulen for lokasjonsbasert varsling. Det har vore eit diskusjonstema i beredskapsrådet dei siste åra, og har vore eit klart ønske også frå politiet lokalt.

Kommunen har som mange andre følgd diskusjonane rundt innvendingar frå Datatilsynet, dei har gått gjennom informasjon frå DSB om den nye nasjonale ordninga med «Nødvarsel på mobil». Dei har og hatt god dialog med leverandøren av Varsling 24, og forhøyrt seg med andre brukarar av lokasjonsbasert varsling.

Ut frå dette har kommunen laga retningsliner for bruk av lokasjonsbasert varsling. Retningslinene er òg drøfta med politiet.

Tanken med retningslinene er at alle som skal kunne bruke lokasjonsbasert varsling, må forplikte seg til å bruke retningslinjene, før dei kan få tilgang til løysinga.

Når kommunen tek i bruk ordninga vil dei publisere informasjon om den på heimesida, mellom anna at dei verken har tilgang til mobilnummer eller personopplysningar. Ved hendingar som ikkje er akutte, må andre varslingsmåtar nyttast. Lokasjonsbasert varsling kan heller ikkje nyttast til analyseføremål.

Kommunen er oppteken av at det skal vere trygt å opphalde seg i Bjørnafjorden kommune, og dei ser at god varslig såleis er viktig for den enkelte sin eigenberedskap.

Nødvarsel

Oppdatert informasjon om nasjonalt Nødvarsel finn de her: <https://www.nodvarsel.no/om-nodvarsel/>.



4. Orienteringssaker frå beredskap

Skogbrann

I perioden 15. april til 15. august er det plassert eit skogbrannhelikopter i fast beredskap på Torp i Vestfold. Det vert kontinuerleg vurdert kvar det er aktuelt å plassere ekstra beredskaphelikopter i skogbrannsesongen. Vi har fått beskjed om at det denne veka (18. til 24. april) er eit ekstra helikopter i beredskap på Voss, fordi skogbrannfaren i Vestland er høg.

Webinar om handtering av tryggleik mot kvikkleireskred

Torsdag 25. Mai kl. 12.00 til 14.30 arrangerer NVE eit webinar med merksemd på korleis kommunane kan ivareta tryggleiken mot kvikkleireskred i arealplanar og byggesaker.

Meir informasjon om webinaret og lenke til påmelding finn de her: <https://www.nve.no//nytt-fra-nve/nyheter-skred-og-vassdrag/hvordan-kan-din-kommune-ivareta-sikkerhet-mot-kvikkleireskred/>

Opp tak av tidlegare seminar som NVE har hatt om naturfare finn de her:

<https://www.nve.no/naturfare/laer-om-naturfare/webinarer/>.

Hald av dato: Fagsamling for kommunane 24. til 25. oktober i Førde, Sunnfjord

Hald av dato og kom gjerne med forslag til tema de ønskjer vi skal ta opp på samlinga!

Kommunemøte i tida som kjem

Vi har invitert til ordinære kommunemøte torsdag 25. mai og torsdag 22. juni. Invitasjonen er sendt til kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og kommuneoverlegar. De står fritt til å vidaresende innkallinga internt.

Det vil så vere eit avbrekk i dei faste møta til over sommaren. Vi vil kalle inn til ekstraordinære møte på kort varsel viss det skulle vere trøng for det.